

# Sortering av mat, glas og metall heime hos deg



Alt du sorterer blir til noko nytt. Snart får du to nye avfallsdunkar – ein til matavfall og ein til glas- og metallsemballasje.

**Les om det nye tilbodet.**

# Klar - ferdig - kjeldesorter

No blir det sortering av matavfall heime hos deg. Dette betyr at du får ein ny dunk til matavfall. Du får også ei eiga korg du kan sortere matavfallet i på kjøkkenet, og eigne posar til å ha i denne korga.



Eigen dunk med grønt lokk til matavfall.

## Gjenvinning av matavfall er bra for miljøet

I dag er om lag halvparten av restavfallet heime hos folk matavfall. Vi vil utnytte ressursane i dette avfallet best mogleg. No skal vi bruke matavfallsrestane til å lage biogass og biogjødsel.

Du kan sortere alle typar matrestar som matavfall.

- **Fruktrestar**
- **Skrell**
- **Bein frå kjøt og fisk**
- **Eggeskal og nøtteskal**
- **Skaldyrrestar**
- **Kaffegrut, -filter og teposer**
- **Tørkepapir med matrestar**

**... og matrestar du ikkje kan spise.**

Bruk sansane dine

**Sjå, lukt og smak på maten før du kastar han. Stol på sansane dine.  
Svært mange matrestar kan bli brukt i nye rettar, heller enn å bli kasta.**



# Godt system = enkel kjeldesortering

Der finst mange smarte system, og dei treng slett ikkje vere dyre for å vere funksjonelle. Dei fleste moderne kjøkken er tilrettelagt for kjeldesortering, men du kan også lage gode system i mindre og eldre kjøkken ved hjelp av boksar, posar og liknande.



ÅRIM har posar og esker til utdeling.



Du får kjøpt gode kjeldesorteringssystem hos kjøkkenforhandlarar og butikkar som sel utstyr til hus og heim. Mange innreiingar har sorteringskuffer eller andre typar system under kjøkkenbenken. Du kan også få gratis sorteringsposar eller -esker hos ÅRIM.

## GLAS- OG METALLEMBALLASJE

Du får ein eigen dunk til å sortere alle typar glas- og metallemballasje i. Glas, flasker, metallboksar, tuber, aluminiumsbeger og meir.

ÅRIM tømmer dunken kvar tiande veke. Andre typar avfall kan du levere til ein bemanna miljøstasjon. Dagens returpunkt for glas- og metallemballasje vil etter kvart bli fjerna.



## MATAVFALL – Slik sorterer du matavfallet:

- Bruk grøne posar frå ÅRIM til matavfall
- Alt matavfall skal vere utan emballasje.
- Alle typar matavfall kan sorterast.
- Knyt posen med dobbel knute før du legg han i bossdunken.



Du kan sortere matavfallet i korg frå ÅRIM eller i anna utstyr du sjølv har. Når du kjeldesorterer held vi ressursane frå avfallet i kretslopp. Alt du sorterer blir til noko nytt.

## FARLEG AVFALL

Du får også ein eigen boks for farleg avfall. Her kan du samle opp små-elektronikk, sprayflasker, kjemikaliar og anna miljøfarleg avfall.

Boksen kan stå i garasjen, i ei bod eller annan stad det er trygt å oppbevare avfallet. Når boksen er full, leverer du han til ein bemanna miljøstasjon. Du kan også ta med boksen til ÅRIM si årlege innsamling av farleg avfall i nærområdet ditt.



# Oppsummert: dette får du



## Meir sortering gir nye hetedagar

### Grønt lokk - matavfall

Legg matavfallet i dunk med grønt lokk. Du får eigne posar for matavfall av ÅRIM. Dunken blir tømt kvar fjortande dag.

### Grått lokk - restavfall

Afvall vi ikkje kan materialgjenvinne er restavfall. Dunken blir tømt kvar fjortande dag.

### Orange lokk - glas og metall

Rein og tom glas- og metallemballasje skal i eigen dunk. Dunken blir tømt kvar tiande veke.

### Blått lokk - papp og papir

Du sorterer papp, papir og alle typar drikkekartong i papirdunken, som før. Dunken blir tømt kvar fjerde veke.

### Plast - plastsekk

Plastemballasje skal i eigen plastsekk. Sekken blir henta i samme bil og på samme dag som papiret kvar fjerde veke. Hugs dobbel knute. Vi sorterer plastsekk og papir etter henting.

### Grøne matavfallsposar

Knyt ein grøn pose på dunken når du treng nye posar, så får du ein ny rull av renovatør. Du kan også bestille på arim.no.

### Ta gjerne kontakt om du har behov for tilpassingar

Bur du i burettslag? Har du avfallstypar som gir spesielle utfordringar? Bur du i tettbygd strøk med liten plass til dunkar? Kan du samarbeide med naboar om felles dunkar? Mange har spesielle behov vi må ta omsyn til. Ta gjerne kontakt med oss, så arbeider vi for å finne svar og løysingar.



To nye dunkar – ein til matavfall, ein til glas- og metallemballasje.



Rullar med grøne posar til matavfall.



Matkorg til å samle matavfall i inne.



Ein orange ekstrasekk til å samle ekstra restavfall i.



Ein boks til å samle miljøfarleg avfall i.

# Eg lurer på...

## Når kjem dunkane?

Utrullinga skjer over ein periode på to år. Vi startar i Giske, og fortset frå kommune til kommune, Ålesund kommune blir sist ut. Meir nøyaktig informasjon om når og korleis du skal starte kjem seinare.

## Korleis skal eg få plass til dunkane ute?

Mange stader kan naboor dele dunkar og gå saman om fellesløysingar i nærområdet. Vi kan også tilby liten glas- og metalldunk som kan stå innandørs.

## Kor stor plass skal eg berekne til dunkane?

Fire vanlege dunkar treng om lag to meters breidde. Ta kontakt om du treng spesifikke mål.

## Kva med oss som har redusert henting?

Dei som har redusert abonnement med henting annakvar veke får henting av restavfall kvar fjerde veke, matavfall annakvar veke. Ta kontakt dersom du ønskjer å gå bort frå redusert abonnement.

## Kva om eg ikkje vil sortere?

Vi går over til å hente restavfallet kvar fjortande dag, altså sjeldnare enn før. Dei som ikkje kjeldesorterer vil få knapp plass i restavfallsdunken sin. Ordninga med kjeldesortering gjeld for alle.

## Kan eg fortsetje å leve glas og metall på samme måte som før?

Returpunktia for glas- og metall-emballasje blir etterkvart tekne bort. ÅRIM har store utfordringar med forsøpling rundt desse.



## Har du spørsmål eller tilbakemeldingar?

Besök oss gjerne på Moa i første etasje i Daaegården, nær busstasjonen og Moa.

Kontakt:  
70 31 41 00 post@arim.no  
Miljøselskapet ÅRIM på Facebook

La oss gjenvinne meir